

Hitra historielag og Kystmuseet i Sør-Trøndelag - Årsskrift for 2009

# SKARVSETTA



# SKARVSETTA

er et årsskrift som Hitra historielag og Kystmuseet i Sør-Trøndelag gir ut i fellesskap. Det har fått et navn som du kanskje synes er litt underlig. Bakgrunnen er denne: Før i tida var det ganske vanlig rundt om i grendene på Hitra at folk hadde mer eller mindre faste plasser der de samla seg, fortalte historier og løste lokale verdensproblemer. Ofte var det i godværet på søndager eller lørdags ettermiddager at folk kom sammen og hygga seg på denne måten. Tett i tett kunne de sitte utover lyngrabbene, gjerne med god utsikt, i le for austavindstrekken. På Sandstad hadde de en slik samlingsplass som ble kalt Skarvsetta. Namnet kommer trulig av at her satt folk tett som skarven på et skjær. Årsskriftet vårt skal forsøke å videreføre fortellertradisjonen og historiene fra Skarvsetta og fra liknende samlingsplasser rundt om på Hitra. Velkommen til Skarvsetta.



*Før brannen i 1963 lå bygningene på Dolm prestegård tett i tett ved veien vest for kirka. Nærmest kirka lå den eldgamle Herrestua, som var tilbygd hovedbygninga fra året 1800. På sidene 17 - 20 finner du en bildemontasje om Dolm.*

# INNHold

Side 2	Skarvsetta
Side 3	Innhold
Side 4	Leders hjørne
Side 5	Kvinnekamp på 1700-tallet
Side 15	Historien om seilskøyten "Fiskeren"
Side 17	Glimt fra Dolm
Side 21	Slemme golfballer
Side 24	Idar Kristiansen – elsket og omstridt lærer
Side 30	Siv – nyttevekst eller ugress?

# Lederens hjørne

Hitra historielag arbeider videre. Innsatsen har kanskje ikke vært så omfattende som vi kunne ha ønska i 2009, men styret har forsøkt å følge opp lagets viktigste saker også dette året. Det viste seg ganske fort at et lite lag som vårt, ikke hadde økonomisk ryggrad nok til å gi ut Skarvsetta aleine. Museet har betalt det meste av trykkekostnadene med Skarvsetta 2008, og et samarbeid med Kystmuseet er en forutsetning for at Skarvsetta kan fortsette.

Dette bør være positivt for begge parter, men for å få mer jamvekt i forholdet er det viktig at Hitra historielag legger stor vekt på medlemsverving i tida som kommer. Historielaget bør bli en organisasjon med muskler nok til å markere seg i lokalsamfunnet vårt. Det bør være både inspirator, læremester og vaktbikkje. Da trenger laget en leder som kan gi laget mer trøkk enn det jeg har hatt kapasitet til å gi i 2009. Jeg er vant til å være en tordenskjolds soldat, men kombinasjonen styreleder, kasserer og museumsleder er ikke gjennomførbar.

Kystmuseet i Sør-Trøndelag har i 2009 vært gjennom sitt mest spesielle år sia museet ble etablert først på 1980-tallet. Vi er blitt en museumsenhet i Museene i Sør-Trøndelag AS, et av de største museene i Norge. For Kystmuseets 14 ansatte betyr dette at vi nå har 140 kolleger i Trondheim, på Løkken og i Rissa, og det innebærer at vi har et fastere økonomisk fundament enn vi har hatt gjennom mange år som en egen privat stiftelse.

Vi beholder navnet vårt og profilen vår, og svært viktig for vår framtidige virksomhet som lokalmuseum er det at vertskommuneavtalen med Hitra kommune og våre avtaler med Frøya og Snillfjord kommuner er videreført inn i den nye organisasjonen. Dette gjør det mulig for oss å få til et enda større lokalt engasjement og større grad av profesjonalitet enn vi hittil har hatt mulighet til.

Jeg oppfordrer alle til å bli med i Hitra historielag, komme med bidrag til Skarvsetta og engasjere seg i lokalhistorisk arbeid.

Vi håper Skarvsetta 2009 faller i smak.

Svein Bertil Sæther

# Kvinnekamp på 1700-talet

*Ordet kvinnekamp er knytt til den kampen for likestilling og rettferd som norske kvinner førte gjennom heile 1900-talet, og som vart ei folkerørsle og ein del av den politiske dagsorden i 1970-åra. I denne artikkelen er ordet brukt om ei kvinne sin kamp for seg og sine her på Hitra to hundre år tidligare. Om du vil, må du gjerne trekke ein raud tråd.*

Under den gamle fute garden og seinare sorenskrivargarden Fjellvær var det mange husmannsplassar på 1600-, 1700- og delar av 1800-talet. På husmannsplassane budde folk som hadde fått lov av gardmannen til å slå seg ned ein stad på garden, sette seg opp hus og drive jorda der. Som motyting skulle husmannen betale ei avgift for plassen, og husmannen og familien hans skulle arbeide gratis på garden i onnene og elles forplikte seg til å stille opp ved tilseiing og arbeide på garden for betaling. Husmannsfamiliane under Fjellvær var viktige for drifta av denne garden, som etter hiterforhold var ein storgard. Dei var nødvendig arbeidskraft på gardane i ei førindustriell tid, da alt arbeid vart gjort for hand. Og denne arbeidskrafta var kanskje særlig viktig på embetsgardane, der sjølvfolket ikkje deltok så mykje i sjølve kroppsarbeidet.

Ein av husmannsplassane under Fjellvær var Sørsætra. Dette var ein

av dei eldste, og vi kjenner til at det budde husmenn her frå midten av 1600-talet. Frå 1720-åra og fram til 1760-talet var det han Per Olsa og kona Ane Jonsdotter som var husmannsfolk på Sørsætra. Han Per var fødd og oppvaksen her, og ho Ane kom frå Jevika. Dei fekk ein stor ungeflokk. Han Per var dessutan klokkar i Fillkjerka, omgangsskolelærer og ein betrudd mann i bygda. På sine eldre dagar fekk han Per klokkar avtalt med sorenskrivar Jessen på Fjellvær at dei to sønnene Jakob og Anders Persa skulle få overta kvar sin halvpart av Sørsætra etter foreldra. Det hadde ikkje han Jessen noko i mot, for det innebar at det vart fleire hender i arbeid på Fjellvær. Ho Ane Jonsdotter døde i 1764, og han Per Olsa klokkar vandra våren etter. Brørne Jakob og Anders var da godt etablerte på Sørsætra. Han Jakob, som var eldst av dei to brørne, gifta seg først i 1751 med ho Jørren (=Jorun) Arnsdotter frå Kaldklovan, men ho døde året etter. Som enkemann gifta han seg hausten 1754 med ho Eli Eriksdotter. Ho kom frå Ulvågan, der foreldra Erik og Beret var gardfolk nokre år, men ho var fødd og oppvaksen på Mastad, som foreldra dreiv i mange år før dei flytta til Ulvågan. Han Jakob og ho Eli fekk ni barn i åra mellom 1755 og 1770, og åtte av dei levde opp. Det vart så trangt i husmannsstua på Sørsætra at han Jakob og ho Eli måtte

## FAKTA:

### Skrivemåte av personnamn

I denne artikkelen har eg prøvd å skrive personnamna omtrent som dei vart uttala i gammal tid her på Hitra. På 1700-talet vart alt skriftlig forma på dansk her til lands, også personnamna. Det inneber at dei skreiv Elen Eriksdatter, men både ho sjølv og dei rundt ho sa heilt sikkert "Eli Eriksdotter". Ved fleire høve ser eg i kjeldene at forma Eli har vore så fast at ho har lurt seg inn, dansken til tross. Mannsnamna vart skrive Ole Knudsen og Anders Pedersen og Christen Johansen, mens uttalen her var Ola Knutsa, Anders Persa og Kresten Johansa. I ein tekst som dette, har eg funne det naturleg å bruke desse formene. I eit slektsoversyn eller ei bygdabok er det trulig best å bruke ei lettare fornorsking av dei danske formene, for eksempel Elen Eriksdotter, Ola Knutsen, Anders Pedersen og Kristen Johansen.

bygge seg nytt stuahus. I gammelstua budde han Anders Persa og foreldra Ane og Per, så lenge dei levde. I 1761 gifta han Anders seg med ho Randi Jonsdotter. Dei fekk ingen barn.

Han Jakob og han Anders fekk ingen husmannskontrakt med han Andreas Jessen, eigaren av Fjellvær. Slekta hadde budd på Sørsætra i meir enn hundre år, og både han Per klokkar og sønene hans kjente så inder-



*Dette bildet er tatt i gravølet etter han Johan Antonsen på Sørsætra i 1907. Huset på bildet låg på det gamle tunet på Sætra (Sørsætra), der det kalles Tøften i dag. Austerendan av dette huset (midt på bildet) kan godt vera det huset ho Eli Eriksdotter budde i på 1700-talet.*

lig godt husmannens rettar og plikter. Kva skulle dei vel med eit papir på det? Hadde dei kunne sett nokre år inn i framtida, så hadde dei tenkt seg grundigare om.

Den 18. september 1772 vart det halde eit arveskifte på Sørsætra. Ein tragedie hadde ramma: Jakob Persa var død. Eli Eriksdotter satt åleine att

med åtte ungar. I kjerkeboka for Hitra, som registrerer alle gravlagde her, står han ikkje innført. Mest sannsynlig kom han vekk på sjøen og vart aldri funne, men kanskje var han på reise eller fiske annan stad og vart gravlagt der. For ho Eli og ungane sin del får vi håpe det siste. Men han Jakob var borte, og ein ny kvardag venta. Ho Eli var langt ifrå den einaste enka i

nabolaget. Ikkje var dei åtte ungane dei einaste farlause, heller. Eldste dotra, ho Anna, var 16 år, og dei to eldste sønene, han Per og han Erik, var 15 og 13 år gamle. Dei tre var mesta som vaksne å rekne, så ho Eli hadde mykje hjelp i dei. Gode hus hadde ho, både stuehus og uthus, ho hadde hest i lag med svogeren Anders, fem kyr, med ungdyr og småfe attåt. Ho

var godt utstyrt med båtar og bruk, innbu og kleda. Skifteforretninga viser at det var eit solid bu, mesta utan gjeld, og der det til og med var både sølvtyt og tinn – høgst uvanlig hos husmannsfolk på 1700-talet. Tapet og sorga etter han som var borte, vart ikkje mindre av dette, men framtida var ikkje håplaus for ho Eli og ungane – trudde ho.

Sommaren 1773 vart det eigarskifte på Fjellvær. Sorenskrivar i Fosen, Andreas Jessen, hadde hatt garden sia 1746, og i 1764 hadde han slutta i embetet som sorenskrivar. Han og kona, Maren Bernhoft, var barnlause, men dei hadde ofte ho Andrea Marcellia Bernhoft, brordottera hennes Maren, buande hos seg. Ho var som ei dotter på Fjellvær. Etter som tida gjekk og dei kom godt opp i åra, fann Andreas og Maren ut at det var på tide å sikre alderdommen. Og da ”dottera” Andrea Marcellia i 1770 gifta seg med Erik Christopher Schanche, fann dei ut at dei skulle tilby garden Fjellvær med hus og krøtter og åtte husmannsplassar til ”svigeronen” for 1500 riksdalar. Erik Christopher Schanche slo til, og sommaren 1773 kom han og kona Andrea Marcellia med den årsgamle sonen Lorentz flyttande frå Ørlandet som nye eigarar og tok over drifta på Fjellvær.

Kjære lesar. No har du fått med deg det du treng for å gå djupare med meg inn i denne historia. Så langt har eg fora deg med historiske fakta, slik vi finn dei nedteikna i protokollar og dokument i arkiva. No skal du og eg

## FAKTA:

### Persondata

Elen Eriksdotter, fødd ca 1730 på Mastad.  
Foreldre: Erik Hågensen og Beret Nilsdotter.  
Gifta seg 21.oktober 1754 med  
enkemannen Jakob Pedersen Sørsætra  
Jakob Pedersen, fødd ca 1727 på Sørsætra.  
Foreldre: Peder Olsen klokkar og Ane  
Jonsson.  
Gift første gong i 1751 med Jorun Arntsdotter frå Kaldkolvan, som døde 1752.

Elen og Jakob fekk desse barna:  
Ane, fødd 1755  
Peder, fødd 1756  
Erik, fødd 1758  
Jorun, fødd 1761  
Beret, fødd 1763  
Anders, fødd 1765  
Jakob og Elen, fødd 1767; Elen døde i 1771  
Jens, fødd 1770

Jakob Pedersen døde trulig seint i 1771 eller tidlig i 1772, ikkje innført i kjerkeboka for Hitra. Elen Eriksdotter gifta seg på nytt i 1779 med enkemannen Tomas Pedersen frå Gudbrandsdalen. Elen døde i 1789, gravlagt i Fillan, jordpåkastning av kapellan Ross 24.juli 1789 Tomas Pedersen døde i Sandstadvika hos stedotra Ane i 1802

ta ein snartur attom dei orda, som ei fjørpenn skrapa med gotisk skrift mot eit stivt papir for 235 år sia. Bli med!

*Det er hausten 1773. Dei fleste av dei tretten husmennene har samla seg på det gamle tunet på Fjellvær, slik dei har gjort kvar haust i lange tider. Bøk-*

*selavgifta for plassromma dei bur på skal betalas. Dei står i kjerkekleda og kjenner litt høgtid over det som skal skje. Det er godt å få gjera opp for seg. Men i dag er dei litt meir spente enn vanlig, for no skal dei for første gongen møte den nye eigaren av Fjellvær, han Schanche. Dei har flira og tulla litt med namnet hans på vegen hit, men no er det alvor. Lågmælt står dei og pratar og ventar på å bli innbedne. Ingen går inn før dobbeltdøra på hovedlåna blir opna og gardtausa seier: ”Vær så god”.*

*Det står ei kvinne mellom husmennene. Det er ho Eli Eriksdotter Sørsætra, enka etter han Jakob. Ho er ein av dei. Karane har respekt for ho, og fleire av dei har gitt ho ei handstrekning etter at han Jakob gjekk bort. Dei er einige om at det er to i ho Eli. Ho greier seg nok. Dei sig bortover mot inngangsdøra. Berre han Anders Persa Sørsætra er ikkje med i dag. Han var sengeliggande, fekk dei høre.*

*Brått fyk dobbeltdøra opp, og ein høgrest ung mann i silkevest og kvite skjorteermer trør raskt ut på trapphella. Han Kresten Botnvika blir så forskrekka at han held på å gå på ryggkulen rett framfor føtene på mannen. Det er han Schanche sjølv. Han lest som han ikkje ser krumspringet hans gammel-Kresten, smiler, ønsker ”Guds fred” og tek dei alle i handa. Så blir dei bedne inn. Karane tek av seg huvene og stig høgtidssamt over dørstokken, sist kjem ho Eli. Dei kjenner seg att når dei kjem inn i stua. Alt er som dei kjem i hau det, berre ”Skrivarn”, som dei kallar han Andreas Jessen, er ikkje her. No tek han*

Schanche plass attom det store skrivebordet. Husmennene står tett i lag heilt nede ved døra.

"Nei, men kom nu inn", seier han Schanche, "ta plass".

Han slår ut med handa mot ei rad stolar som står oppstilte ved vegg. Dette er noko nytt. Aldri før har ein husmann vorte bydd sitteplass i stua på Fjellvær.

"Ska vi sett oss?" spør han Per Sørbotn.

"Er du tunghørt?" spør han Schanche, litt skarpt.

Han Ola Knutsa Mellomsætra blir så sprent til å flire.

"Han har så rett", mumlar han for seg sjølv.

Så går dei fram og sett seg, ein etter ein. Sist kjem ho Eli, så ho blir sjølvsgatt sittande fremst ved skrivebordet. Han Schanche løfter blikket frå den gamle rekneskapsboka, kastar et blick på ho, opnar blekkhuset og grip fjørpenna.

"Vi tar forretningene først og fornøyslene etterpå", seier han Schanche og nikkar mot ein breiddfull ølbolle, som står på eit bord ved langveggen.

Karane dultar kvarandre i sida og gliser.

"Gut og kar, ja", kviskrar han Kresten. Han er komen til hektene att no.

Så blir dei ropa opp, ein etter ein. Nokre av dei skal betale to daler, andre tre – alt etter kor stor plassen er. Så skal dei gjera reie for kor mange dagsverk dei

Dette er ei side av det brevet som Andreas Jessen og Erik Schanche sendte til retten 1. juni 1774.

Handwritten text in Old Norse script, likely a legal or official document. The text is dense and written in a cursive hand. At the bottom, there are several signatures and dates, including "1. Juni 1774".



har gjort i våronn og slåttonn og høyonn, kor mange mæling åker dei har skore i skuronna og kor mange dagar dei skal vera med å troske før jul. Til sist blir dei spurt om dei har gjort skyssplikta si og om dei har levert eit kvarter saltfisk, slik dei skal. Schanche kontrollerer at det dei seier stemmer med det som er notert i boka. Han Hans Knutsa frå Nordsætra blir litt raud i toppen når han får høre at fisken han leverte ikkje var godt nok salta, men han Schanche vil ikkje høre nokon protest.

”Du får ta en dag ekstra på låven under treskingen”, seier han Schanche bestemt.

Han Hans, som til vanlig ikkje er skoren for tungebandet, får ikkje fram eit ord. Jau, her er det nye tider, det forstår dei alle. Dei flyttar nervøst på seg, der dei sitt ytterst på stolkanten.

Dei brukar å bli ropa opp etter ein fast rekkefølge, slik plassane står oppført i rekneskapsboka. Han Ola Knutsa Mellomsætra blir ropa opp, gjer opp for seg, svarar på spørsmåla og finn tilbake til plassen sin. Ho Eli veit at det no er hennes tur, så ho har halvt reist seg da han Schanche seier:

”Ole Rasmussen Mellemsæter”.

Han Ola blir forundra sittande og spør:

”E det itj a Eli no, da? Ha De glømt ho?”

Schanche ser skarp på han:

”Er det flere som har problemer med hørselen her? Jeg sa Ole Rasmussen Mellemsæter!”

Ho Eli ser på han Schanche. Her er det noko som ikkje stemmer. Dette er ikkje ein feil, det forstår ho. Her ligg det

ein plan bak. Så, når alle andre er ferdige, blir ho Eli ropa opp:

”Elen Eriksdatter Sørsæter”.

Ho reiser seg, går dei to stega bort mot skrivebordet og legg tre blanke riksdalar framfor han Schanche. Han tek dei, noterer i boka, stiller spørsmåla sine og får greie svar frå ho Eli. Ho har alt på greitt stell, det veit ho. Schanche nikkar, noterer og nikkar igjen. Ho Eli er i ferd med å pusta letta ut da han Schanche rettar seg opp i stolen og stirer beint på ho:

”Det er med beklagelse jeg har fått meddelt at du er blitt enke”, seier han.

”Ja, det e snart halvanna år sia det, no”, svarar ho Eli stilt.

”Jo, og det er meget trist. Meget trist”. Han Schanche ser oppriktig lei seg ut.

”Så nu sitter du alene på plassen?”

”Ålein?” seier ho Eli. ”Å, va det så lekt. Æg har da ungan min hos mæg”.

Ho forstår med det samme ho seier det, at det er akkurat dette han Schanche er ute etter.

”Et enslig kvinnemenneske med åtte børn”, seier han Schanche, ”du skjønner at dette ikke kan fortsette, ikke sant?”

”Kan det itj fortsett?” Ho Eli kjenner det som om ho søkk gjennom golvet og må halde seg i bordkanten. ”Ka e det De meine?” stotrar ho fram. ”Vi greie oss da godt, vi. Vi betale leia og vi gjer det plektarbeidet vi e pålagt. Meir kan De da itj ferlang?”

”Å jo”, svarar Schanche, ”du vet vel såpass at plassen skal forbedres. År for år skal den forbedres, og det klarer naturligvis ikke du og dine børn alene. Du får belage deg på å flytte ved flyttedagen til våren”.

Det blir stille i stua på Fjellvær. Berre knitringa frå den store kakkelowen kan høras. Karane på stolrekka ved veggen rører ikkje ein finger. Ved skrivebordet ser dei ho Eli, drivkvit i ansiktet. Ho stirer på han Schanche. Munnen hennes opnar og lukkar seg, men det kjem ikkje ein lyd. Sakte snur ho seg mot dei som sitt ved veggen.

Så seier ho:

”Ka va det han sa? Sa n mæg ut frå plassen? Jaga n mæg frå Sørsætra?”

Da reiser han seg, han Ola Knutsa Mellomsætra òg:

”Han gjord så ja, Eli, seier han høgt og tydelig”.

No reiser dei seg ein etter ein og blir ståande. Dei ser på han Schanche. Ho Eli snur seg mot mannen bak skrivebordet:

”Vi ha arbeidd hardt på Sørsætra, han Jakob og eg, seier ho med låg stemme. Vi ha dørka nytt land, vi før fem melkkyr og ti saue, vi hauste ni tynna konn.

Plassen ha alder vore så god som no. Og så sei du at vi itj ha forbedra plassen. Du, som knappast ha vore der!”

Det smell ein neva i skrivebordet. No reiser han seg, han Schanche òg.

”Nu får det være nok. Dette finner jeg meg ikke i. Hva er det jeg hører?”

Han ser på ho Eli og på karane som står attom ho.

”Er det oppsetsighet jeg merker? Er det trass? Slikt kan jeg ikke tillate fra mine egne husmenn, i min egen stue. Her er det jeg som bestemmer, og jeg har loven på min side. Oppsetsige husmenn utsiges fra plassen. Var det noen som hadde mer å si? Neivel, da kan dere gå”.

Dei snur seg mot døra for å gå. Han Kresten Botnvika kastar eit langt blikk mot den urørte ølbollen, så følger han dei andre. Da hører dei ho Eli. Ho skjelv i målet, men ho er klår og tydelig:

”Æg mesta han Jakob, mann min, æg, Schanche. Det einaste som holdt mæg oppreist da, va at æg hadd ein heim for ungan min og mæg. No ha du tatt frå mæg det sist æg hadd. No e det itj noka håp fer oss lenger. Du ska ha takk fer den her stunda”.

Ho trekker sjalet sitt rundt seg og går etter dei andre. Dei fleste er komne ut i gangen. Det er berre eit par-tre karar og ho Eli att ved stuadøra. Da seier han Schanche borte frå skrivebordet:

”Det finnes vel fortsatt en mulighet for deg, Elen Eriksdatter”.

Ho Eli og karane stansar og snur seg mot han Schanche.

”Ein mulighet?” Ho Eli ser undrande på han.

Står han der og småflirer? Gjer han narr av ho? Ho kjenner sinnet blusse opp i seg.

”Ka e det du vil mæg?” Ho er skarpare i målet no.

”Jo”, seier han Schanche, ”du som hevder du driver plassen så godt: Da er du vel såpass bemidlet at du kan kjøpe den, da? Kunne ikke det være en løsning for henne, mine herrer?”

Han hadde tenkt det som spøk og ventar latter, men får ingen. Det uroar han litt. Gjekk han for langt no? Verka ikkje splitt og hersk på dei? Han bestemmer seg for å dekke over det siste:

”Du har visstnok gode hus på Sørsæteren, Elen Eriksdatter. Jeg kan kjøpe dem av deg. Du skal få godt betalt”.

Ho vørdet han ikkje eingong. Snakkar han om hus? Ho snakkar om ein heim. Ein familie. Eit liv. Ho går tilbake og heilt bort til han Schanche. Tett inntil han stiller ho seg, ser opp på han:

”E det slik å forstå at De byr mæg å få kjøp plassrommet mett?” spør ho.

Han Schanche trekker seg unna, sett seg ned ved skrivebordet, lukkar rekneskapsboka si og kastar eit blikk på karane som står midt på golvet og følger med.

”Å nei, seier han, så enkelt er det dog ikke. Om jeg skal selge Sørsæteren, så skal jeg selge hele plassen, også den del som din svoger Anders Pedersen driver. Dere må kjøpe sammen”.

Ho Eli snur seg mot dei andre, men ingen seier noko. Dei trekker seg mot døra igjen.

”Og ka bli prisen da, Schanche?” spør ho. ”Ka ferlange De fer Sørsætra?”

Han lener seg tilbake i stolen, legg hendene bak nakken, knip auga litt i høp og seier:

”Prisen? Jasså? Du interesserer deg for den?” han Schanche smiler. ”To hundrede og femti riksdaler, Elen Eriksdatter. For to hundrede og femti riksdaler skal du og din svoger få kjøpe Sørsæteren”.

Dette er spott. Ho veit det. Ingen husmann greier å reise så mange pengar for å kjøpe eit plassrom. Fleire av gardane rundt her er ikkje verd så mykje. Eit par av karane borte ved døra knyter nevane i bukselommene. Dette har ho ikkje fortent, ho Eli. Alt har ho mista no, og så gjer han narr av henne attåt. Og verre blir det når dei hører ho seie:

”Det her lyt æg snakk med n Anders om, Schanche. De får vera så snill å gi mæg tid te i morra, så ska De få svar”.

Det vart ikkje sagt mange orda da dei gjekk gangstien vestover frå Fjellvær den dagen, men da dei kom åt Nordsætra, spurte ho Eli han Hans Knutsa rett ut:

”Ka du trur, Hans? Greie vi å kjøp Sørsætra, han Anders og æg?”

Da svara han Hans:

”Lett no det her vera, Eli. Du skjemma dæg berre ut, ferstår du itj det? Du får da aller med han Anders på det her, kan du skjønn. Det bli fer vidløftig fer dokk. Umulig, vil æg sei. Æg love dæg det, Eli: Vi ska ta ein og kanskje to tå ungan din heim åt oss på Nordsætra, ho Ane og æg. Og det er fleir her som vil hjølp dæg, vera trøgg fer det. Og sjøl får du dæg tjenest på ein gård her, ska du sjå”.

Ho snudde seg beint ifrå dei – og gjekk. Dei skulle sleppe å sjå tårane hennes.

Kjære lesar. Sjølv sagt veit vi ikkje om det var slik orda fall på Fjellvær denne haustdagen i 1773, men at dette gjekk føre seg, det veit vi. Og no begynte Eli Eriksdotter sin kamp for alvor. Heilt åleine kjempa ho den kampen til å begynne med. Ingen hadde tru på at ho skulle greie å overbevise svogeren Anders Persa og kona Randi Jonsdotter om å bli med på å kjøpe Sørsætra. Og om ho no likevel skulle ha greidd å få dei på trua, så ville det vera komplett umulig for dei å reise 250 riksdalar. Dette må ho ha forstått sjølv òg. Men kva gjer ho?

Vel heime på Sørsætra går ho beint borti Gammelstua åt han Anders og ho Randi. Her fortel ho det som har

skjedd, og så ber ho han Anders om å bli med til Fjellvær for å snakke med han Schanche dagen etter. Han Anders blånektar, og ho Randi enno meir. Er ho frå vettet? Dette kan ho da ikkje meine? Han Anders er redd og sjuk og forbanna. Han meiner ho har oppført seg som ein tosk. Ho har skjemt ut både seg sjølv og han. Dette blir han ikkje med på! Ho Randi tilbyr ho Eli og dei minste ungane husrom her hos seg. Dei kan bu her på Sørsætra som før. Men ho Eli minner dei om at det er ikkje husmannen

dag. Dei skal prøve å godsnakke med han Schanche. Få han til å gå tilbake på utseiinga. Dei skal lova å forbedre plassen år for år. Om nødvendig leie hjelp for å få det til. Det blir mesta så dei trur at det her kan gå bra. I alle fall trur han Anders det.

*Det var stilla ver dagen etter, så dei rodde frå Sætervågen til Fjellvær. Så slapp dei å gå framom Mellomsætra og Nordsætra. Dei ville helst ikkje snakke med nokon på denne turen til Fjellvær. Da dei kom fram, møtte dei han Schanche.*

*langte kjøp? Kva skulle han svara da? Korleis kunne han la seg vippe av pinnen av ei enke med åtte svoltne ungar? Og beskjeden frå svigerfaren var:*

*"Dette får du ro i land, Erik Christopher! Jeg lot deg ikke kjøpe Fjellvær for å sette gården over styr".*

*Han Schanche hadde berre tidd still og tatt imot. Han visste at svigerfaren hadde rett og at han sjølv hadde oppført seg som ein tosk. Kva var det som kom over han, der inne i stua i går? Alt hadde jo gått etter planen, heilt til han tulla til å*



som bestemmer kven som skal bu på ein husmanns plass. Ein husmann har ikkje lov til å ta imot losjerande. Det er han Schanche på Fjellvær som eig her, og det er han som avgjer slikt. Han kjem aldri i livet til å gå med på at ein utkasta familie skal flytte inn og busette seg i nabostua. Ho Eli gir seg ikkje. Det tek tid, men til slutt går han Anders med på å karre seg opp av senga og bli med til Fjellvær neste

*che. Han var ikkje i godt humør. Han hadde fått grov kjeft av svigerfaren, Andreas Jessen, kvelden før. Kva for noko? Hadde han tilbydd enka å kjøpe Sørsætra? Hadde dei ikkje vorte einige om at ho skulle bort frå plassen? Hadde han ikkje bruk for all den arbeidskraft han kunne få for å drive Fjellvær på ein god måte? Skulle han no begynne å smuldre opp grunnlaget for drifta av garden? Kven vart den neste som kom og for-*

*by fram plassen til ho. Så vart han vel for overmodig, da. Han twilte forresten på at dei ville møte opp her i dag, han Anders Pedersen og ho Elen Eriksdatter. Men om dei verkelig kom, så skulle dei møte kvist, det var han bestemt på. Han var faktisk litt nervøs, og det irriterte han.*

*Utgangspunktet var altså ikkje det beste da han Anders og ho Eli stod framfor skrivebordet hans Schanche denne*

haustdagen. Enka og ungeskokken skulle vekk frå Sørsætra, det hadde han bestemt seg for. Alle forsøk frå dei to til å få han til å gå med på at ho Eli skulle få fortsette på plassen, vart blankt avvist. At ho og ungane kunne flytte inn hos han Anders og ho Randi, var heilt uaktuelt. Enten fekk dei kjøpe Sørsætra for 250 riksdalar, eller så skulle ho Eli og ungane ut til flyttedagen på våren – den 14. april.

Om han Anders også skulle ut, ville han vurdere. At han kom hit i lag med dette kvinnemennesket i dag, oppfatta han Schanche som "oppsetsighet" mot husbonden. Ho Eli vart iskald da ho hørte det. Ho våga ikkje eingong å sjå på han Anders. Dette gjekk verre enn ho hadde frykta. Men så hørte ho til si forundring at han Anders spurte om kor lang tid dei hadde på seg.

"Til flyttedagen til våren", sa han Schanche.

"Vi må få områ oss og tenk oss litt om", sa han Anders.

"Vel, så vil også jeg betenke meg", svara han Schanche.

Da dei satt i færingen og rodde heimover, bad ho Randi om unnskyldning. No hadde ho øydelagt ikkje berre for seg sjølv, men for dei alle. Ho fekk ikkje noko svar frå han Anders, men ho såg på ryggen hans at han tok i, der han satt atti og rodde. Så snudde han seg mot ho og smilte. Ho vart så forfjamsa at ho mesta mista den eine åra.

"Ka du vil?" kviskrar ho mot han.

"Ka æg vil?" seier han Anders. "Kjøp Sørsætra, naturligvis. Det e det æg vil!"

Handwritten text in Norwegian, likely a letter or document. The text is written in a cursive script and contains several numbered points (1-4) and a signature at the bottom right. The text is somewhat difficult to read due to the cursive and some fading.

1. Om han Anders også skulle ut, ville han vurdere. At han kom hit i lag med dette kvinnemennesket i dag, oppfatta han Schanche som "oppsetsighet" mot husbonden. Ho Eli vart iskald da ho hørte det. Ho våga ikkje eingong å sjå på han Anders. Dette gjekk verre enn ho hadde frykta. Men så hørte ho til si forundring at han Anders spurte om kor lang tid dei hadde på seg.

2. Om han Anders også skulle ut, ville han vurdere. At han kom hit i lag med dette kvinnemennesket i dag, oppfatta han Schanche som "oppsetsighet" mot husbonden. Ho Eli vart iskald da ho hørte det. Ho våga ikkje eingong å sjå på han Anders. Dette gjekk verre enn ho hadde frykta. Men så hørte ho til si forundring at han Anders spurte om kor lang tid dei hadde på seg.

3. Om han Anders også skulle ut, ville han vurdere. At han kom hit i lag med dette kvinnemennesket i dag, oppfatta han Schanche som "oppsetsighet" mot husbonden. Ho Eli vart iskald da ho hørte det. Ho våga ikkje eingong å sjå på han Anders. Dette gjekk verre enn ho hadde frykta. Men så hørte ho til si forundring at han Anders spurte om kor lang tid dei hadde på seg.

4. Om han Anders også skulle ut, ville han vurdere. At han kom hit i lag med dette kvinnemennesket i dag, oppfatta han Schanche som "oppsetsighet" mot husbonden. Ho Eli vart iskald da ho hørte det. Ho våga ikkje eingong å sjå på han Anders. Dette gjekk verre enn ho hadde frykta. Men så hørte ho til si forundring at han Anders spurte om kor lang tid dei hadde på seg.

Handwritten signature at the bottom right.

Den 2. juli satt presten Johan Støren på Dolm og skreiv eit brev som vart lagt fram og referert i retten på Hopsjøen dagen etter. Dette er siste sida av brevet.

## FAKTA:

### Husmannsplassar under Fjellvær



Gården Fjellvær var ein storgard etter den målestokken vi har her i området. I 1773-1774 låg desse husmannsplassane under Fjellvær:

Mellomsætra nord	ein husmann
Mellomsætra sør	to husmenn
Nordsætra	ein husmann
Nordbotn	to husmenn
Botnvika	to husmenn
Jobotn	to husmenn
Sørbotn	ein husmann
Sørsætra	to husmenn

*Ho kjente at motet vaks for kvart åretak dei tok heimover.*

På 1600-, 1700- og store delar av 1800-talet var kvinner umyndige i Norge. Det innebar at om dei skulle ta avgjerder eller forplikte seg juridisk, måtte dei ha ein lagverge, altså ein myndig mann til hjelp, støtte og signering. For å få kjøpe Sørsætra, måtte ho Eli Eriksdotter finne seg ein lagverge. Det kunne ha vore naturleg å be han Anders, men ho Eli hadde tenkt noko anna. Det kunne bli bruk

for ein mektigare kar enn han Anders, frykta ho for.

*Søndagen den 10. oktober 1773 var det preke i Fillkjerka. Det var mykje folk der den dagen, og mellom dei var ho Eli. Det var soknepresten sjølv, prosten Johan Støren, som hadde tenesta denne dagen. Johan Støren var sokneprest i Hitra prestegjeld frå 1766 til 1774. Han tilhørte ei heilt spesiell gruppe prestar av fattige bonde- og handverkarkår, som sleit seg til teologisk embetseksamen i 1740- og 1750-åra. Fleire av desse hadde eit langt meir sosialt hjartelag og syn for fattigfolk sine kår enn prestar av embetsmannsstand, og ein slik kar var han Johan Støren.*

*Da gudstenesta var over denne oktobersøndagen i 1773, ville han Støren skynde seg til skyssbåten og komme seg heim til Dolm før det vart mørkt. Men på veg ned mot fjæra, kom ei kvinne og tok han i arma. Det var ho Eli Eriksdotter, og ho bad om å få snakke med "han far", som folk brukte å kalle presten. Skysskarane var utålmodige og ropa at han måtte komme, men han Støren vinka dei vekk. Han lytta til historia hennes Eli, og der og da tok han på seg å vera lagverge for ho.*

*Ei tid etter var ho Eli, han Anders og nokre av naboane tilbake på Fjellvær. Dei ville snakke med han Schanche. Det skulle dei få, og etter ei stund kom han ut på trapphella. Eli og Anders ga no beskjed om at dei hadde tenkt seg om og at dei aksepterte kjøpet på dei vilkåra som var sett. Han Schanche vendte seg mot ho Eli og spurte kven som var lagverge for ho.*

*"Å, det e no prosten på Dolm det, han Johan Støren", svara ho Eli. Dei såg*

*det lynte til i blikket hans Schanche, så sa han:*

*"Dere har tenkt dere om.*

*Det har også jeg. Jeg vil ikke selge!"*

*"Men De ha da bydd fram plassen åt oss", protesterte ho Eli.*

*"Har jeg det?" svarte han Schanche, snudde seg, gjekk inn og lukka dobbelt-døra etter seg.*

Den 21. november 1773 har Johan Støren igjen gudsteneste i Fillan. Her møter han trulig både ho Eli, han Anders og fleire av naboane, etter at tenesta er slutt. Han Støren har gjort avtale med han Jacob Falster i Kaldklovan om pengelån til han Anders, sjølv låner han ut pengane som ho Eli treng, og så bestemmer han på Eli sin vegne at dei skal reise stemning mot han Erik Christopher Schanche, der han må møte i retten og høre vitneprov på at han har tilbydd Eli og Anders å kjøpe Sørsætra til ein fastsett pris og at dei har akseptert kjøpet og vilkåra.

Dei to naboane frå Mellomsætra, han Ola Rasmussa og han Ola Knutsa, seier seg villige til å vitne i retten. Stemninga blir forkynt i april 1774, og no blir det eit lurveleven. Han Schanche, og ikkje minst svigerfaren Jessen på Fjellvær, blir rasande. Han Jessen leiter fram alle dei juridiske knep han som gammal sorenskrivar kjenner, for å stoppe saka. Dei sender fleire brev og går til åtak på ho Eli, som dei hevdar er personen bakom heile oppvigleriet.

Han Anders blir stempla som ein stor løgnar, men mest rasande er dei på presten Støren, som i si stilling

som sokneprest, skapar kiv og strid. Presten svarar at det har han da ikkje gjort. Han har rådd ”Enken Elen Sæter”, som han syns så synd på og som han er lagverge for, å føre vitne i retten for at ho har snakka sant. Presten kan ikkje forstå at det er å skape strid. Så prøver Jessen og Schanche seg på både pisk og gulrot. Dei sender ei kontrastemning mot ho Eli og han Anders fordi dei har våga å stemne jorddrotten sin inn for retten. Og i eit brev frå Schanche og Jessen datert 1. juni 1774 gir dei eit tydelig signal om at ho Eli kanskje kan få fortsette som husmann på Sørsætra. Men no er det for seint. Saka går sin gang

Dei første dagane i juli 1774 er det sommarting på handelsstaden Hopsjøen. Her kjem saka opp.

Først blir det ført tingvitne på at han Schanche har tilbydd ho Eli og han Anders å kjøpe Sørsætra for 250 riksdaler. Dei to karane frå Mellomsætra gjer jobben sin til punkt og prikke. Han Schanche stiller også nokre spørsmål til dei to vitna, og dei svarar klart og greitt for seg. Så kjem han Schanche med kontrastemninga si, og da svarar ho Eli og han Anders at dei har da ikkje noko vondt i sinne mot han Schanche. Dei har jo berre kalla han inn for å høre vitneprov.

Schanche varslar at han vil følgje opp denne saka på neste ting. Men saka kjem ikkje opp meir. Schanche og Jessen gir opp. Neste gong vi finn noko om Sørsætra i kjeldene er skyldsettinga av plassen den 15. august 1775, og under hausttinget på Eid den 15. oktober 1775 blir det tinglyst eit

skøyte, der Erik Christopher Schanche sel Sørsætra til ”Velagte Danne- mand og Qvinde, Anders Pedersøn og Enken Elen ErichsDatter”, datert Fjellvær, 24. september 1775. Prisen er auka til 290 riksdalar, men så er den eldgamle plassen Sollia heilt ved grensa mot Heggvika kommen med.

Etter eit lite etterspel, der Schanche sitt forsøk på å legge inn ein forkjøpsrett for seg i skøytet blir avvist, er saka avslutta. No var Sørsætra eigen gard, dei som budde her var sjølveigarar og ingen utanforståande kunne lenger jage dei frå heim-plassen sin om dei skikka seg vel. Og det gjorde dei.

Etterkommarane hennes Eli overtok etter kvart heile Sørsætra, og etterslekta hennes bur her faktisk den dag i dag. Dei, og vi andre som har nokre Eli-gonar i oss, har grunn til å vera stolte av ho. Historia om ho Eli er spesiell. Ikkje på grunn av at ho vart enke og satt med ein stor ungeflok, det var det mange som opplevde, både før og seinare. Men det at ho stod fram heilt åleine, tok opp kampen for seg og sine, fekk fleire og fleire med seg og til slutt vann fram, det er heilt spesielt, både på 1700-talet og lenge etterpå. Kjære lesar: Ho Eli Eriksdotter Sørsætra har fortent eit minne. Takk for at du las om ho.

Kjelder:

- Justisprotokoll for Fosen 1772-1786. Statsarkivet i Trondheim
- Ekstraretsprotokoll for Fosen 1765-1810. Statsarkivet i Trondheim
